

# Informasjonsfoldar

## Vik skule SFO 2022-2023

Kommunal SFO i eining Vik skule og barnehage



### Opningstid:

Måndag til fredag kl. 06:45 – 08:00  
og frå skuleslutt til kl. 16:30

### **Kjøp av tid:**

Dersom det er ledig plass og nok vaksne, kan du kjøpa ekstra tid. Kr. 45,- pr. påbyrja time.  
*Ta kontakt !*

**Tlf. til SFO-rommet 53 65 57 35**

Etter skuletid fram til kl. 16:30

E-mail og tlf.

[berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no](mailto:berit.r.skartland@vindafjord.kommune.no) tlf. 905 15 628

[anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no](mailto:anne.marte.waage.tveit@vindafjord.kommune.no)

tlf. 53 65 57 30 / 922 41 257

## SFO 2022-2023

Det er i år 12 born påmeld i SFO. Tre dagar er det 8-9 born, to dagar er det 11 born.

### Tilsette

Det er 2 som deler arbeidet i SFO i år. Det er Berit R. Skartland og Torunn V. Fredriksen. Berit er SFO-koordinator og er foreldra sin kontaktperson.

### Morgon-SFO

Om morgonen er SFO-tilbodet i samarbeid med barnehagen. Frukost kan ordnas etter eiga avtale med dei.

### Planleggingsdagar, ferie mm

SFO Vik skule fylgjer **same skulerute som skulen** og har også dei same planleggingsdagane som skulen. Dei som har kjøpt feriepakke får tilbod i SFO ved Skjold Skule.

### Måltid

SFO kjøper inn og lagar til eitt enkelt måltid kvar dag. Rekning kjem på SFO-fakturaen med kr 17,- pr. måltid. Måltida er brød, knekkebrød, yoghurt, havregryn, suppe, pasta og alltid fleire ulike frukt/grønsaker. Onsdag og fredag har me ofte litt varm mat, som fiskekaker og liknande.

### Klede

Alle som går i SFO må ha **byteklede** liggjande i korga si på gongen. I tillegg bør dei ha klede og fottøy som dei kan vera ute i. Alle klede og fottøy må merkast med namn. Det er fint om SFO-foreldre med jamne mellomrom sjekkar denne korga.

### Aktivitetar

SFO legg vekt på at dette er borna si fritid. Det er ulike aktivitetar som dei kan vere med på om dei vil. Me er mykje ute. Me prøver å laga ei roleg, triveleg matstund med gode samtalar om mangt og mykje. Og øver på bordskikk. I adventtida har me kalender med ulike aktivitetar mm. Før påske lagar me påskepynt.

## Leksearbeid i SFO

Me legg til rette for at 2.-4.kl kan gjere lekser (Ikkje leselekser) dersom dei klarar seg sjølv. Me kan diverre ofte ikkje hjelpe dei.

## Henting, gå heim, avtalar

Born som går i SFO blir **ikkje sendt heim, eller med andre elevar, utanom avtala tid. SFO må ha ei skriftleg eller munnleg melding frå foreldre dersom dei skal gå utanom dei faste tidene**. Det er ikkje nok med ei munnleg melding frå barnet! Dersom de ynskjer at barnet sjølve skal bestemma, må de gje ei **skriftleg melding** til SFO som seier at når det gjeld "NN" så er det nok at barnet sjølve gir beskjed. Denne **avtalen** gjeld då til me får anna beskjed.

**Alle som hentar born på SFO, MÅ gje beskjed til ein vaksen på SFO når dei hentar!** SFO stengjer kl 16:30 og borna må då vera henta og ute av lokala. Gebyr ved for sein henting er kr 285 pr. påbyrja halvtime.

Vi jobbar i tråd med kommunale vedtekter og avgjerder.

«SFO-kvalitetsplan for Vindafjord 2020-2023» finn de på heimesida til kommunen. Det er viktig at me får beskjed om ikkje alt er som det skal. Det skal vera kjekt å gå på SFO!

## Oppseiing av SFO-plass

*Vedtektene §4: «Endring av opphaldstid og oppseiing av plass skal skje skriftleg til den enkelte skule. Foreldre/føresette må som hovudregel betale for 3 månader rekna frå siste dag i oppseiingsmånaden. Det same gjeld når ein søker vesentleg reduksjon i opphaldstid. Rektor kan i særlege høve redusere oppseiingstida.»*

Oppseiing og endring gjer de digitalt på kommunen si heimeside via «Oppvekst, skule og familie» - «Skule» - «SFO». De loggar då inn på Visma Flyt Skule.

**Ny «Rammeplan for SFO» vart vedteke 9.juni 2021**

<https://www.udir.no/utdanningslopet/sfo/rammeplan/>

*«SFO skal legge til rette for lek, kultur- og fritidsaktiviteter med utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interesser hos barna, og gi barna omsorg og tilsyn. Rammeplan for SFO gjelder fra 1. august 2021 og skal bidra til et mer likeverdig tilbud til barna over hele landet.»*

## Telefonnummer til SFO 2022-2023

<b>SFO-rom</b>	<b>53 65 57 35</b>	Frå skuleslutt til 16.30
<b>Berit R. Skartland</b>	<b>905 15 628</b>	<b>SFO-koordinator</b>
Torunn V. Fredriksen	404 65 612	
Kontor/Rektor skulen	53 65 57 30	

**Meldingar til SFO** skal helst sendes via **Visma Min skule**.(app). Me vil ha beskjed dersom barnet ikkje skal på SFO ein dag.

## Desse er på jobb på SFO 2022-2023

<b>Måndag</b> 13:00-16:30	<b>Tysdag</b> 13:45-16:30	<b>Onsdag.</b> 12:15-16:30	<b>Torsdag</b> 13:45-16:30	<b>Fredag</b> 12:00-16:30
Torunn 13:00-15.15	<b>Torunn</b> <b>13:45-16:30</b>	-----	<b>Torunn</b> <b>13:45-16:30</b>	<b>Torunn</b> Oddetalveker <b>12:00-16:30</b>
<b>Berit</b> <b>13:00-16:30</b>	Berit 13:45-15:15	<b>Berit</b> <b>12:15-16:30</b>	Berit 13:45-15:15	<b>Berit</b> Partalveker <b>12:00-16:30</b>

Navn med **feit skrift** har ansvar for start eller avslutning av SFO-dagen.

Vedtekter, prisar, skulerute og anna informasjon om SFO finn de på kommunen si heimeside under «Oppvekst, skule og familie» - «Skule» - «SFO». <https://www.vindafjord.kommune.no/vindafjordskulen>

Alle som hentar born på SFO, **MÅ gje beskjed til ein vaksen på SFO når dei hentar.**

**SFO stengjer kl 16:30 og borna må då vera henta og ute av lokala.**